

Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Dykkar ref

Vår ref
20/6165-4

Dato
12. februar 2021

Klage - avslag på søknad om tilskot frå desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg

Vestland fylkeskommune har oversendt klage frå Askøy kommune over avslag på søknad om tilskot frå desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Klagesaka er handsama i hovudutvalet for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune den 4.november 2020 og oversendt departementet den 2.februar 2021. Kulturdepartementet har gjort følgjande vedtak:

Bakgrunnen for saka

Askøy kommune søkte den 31. mars 2020 om tilskot frå ordninga om tilskot til kulturbygg i Vestland. Ordninga er finansiert gjennom spelemidler fordelte til fylkeskommunane av Kulturdepartementet. Ordninga vart lyst ut i januar 2020, med lokale søknadsfristar i kommunane. Frist for å sende over søknadene frå kommunane til fylkeskommunen var 30. april 2020.

Søknaden frå Askøy kommune galdt tilskot til Herdla Fort Krateret. Søknaden vart avslegen av Vestland fylkeskommune ved brev av 29. september 2020. Grunngevinga var at "...utandørs kulturarenaer ikkje er prioritert i tilskotsordninga, jf. retningslinene.» I brevet frå fylkeskommunen står det òg at søknaden stettar dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fremjast på nytt i 2021.

Klagen

Askøy kommune klagar den 1. oktober 2020 på grunngevinga for å avslå søknaden. Kommunen meiner grunngevinga medførte at politikarane i utvalet ikkje behandla søknaden i utvalet sidan han ikkje oppfylte kriteria. Søknaden burde vore handtert som ein reell søknad med moglegheit for å få tilskot.

Kommunen viser til Retningslinene for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg, fastsett av Kulturdepartementet og gjeldande frå 1. januar 2019. Kommunen meiner utearenaer etter desse retningslinene er tilskotsberettiga. Kommunen forstår det slik at fylkeskommunens retningslinjer kjem i tillegg til desse

og ikkje erstattar dei. Dette har òg støtte i retningslinene pkt. 2.4 *Vilkår fastsette av fylkeskommunane*. Kommunen trekkjer òg fram pkt. 1, pkt. 2.1.2 og pkt. 2.1.3.i retningslinene.

Kommunen meiner at det verker rart at ein søkjar som etter retningslinene å fylkeskommunen ikkje er prioritert, får melding om at søknaden stettar "dei formelle vilkåra for tilskot, og kan fremjast på nytt i 2021".

Behandling av klagen

Klagesaka er handsama i hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune, sak 151/2020, 4. november 2020. Hovudutvalet gjorde følgjande vedtak i saka:

- 1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at klagen frå Askøy kommune som gjeld tilskot til kulturbygg 2020 gir grunnlag for å endre tidlegare vedtak.*
- 2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 113/2020, handsama 16. september 2020. Klagen vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til Kulturdepartementet for endeleg vedtak.*

I saksframlegget til møtet den 4. november 2020 går det fram at vedtaket om avslag er gjort på bakgrunn av retningslinene vedtekne av hovudutvalet i januar 2020. Det er vurderingskriteria frå desse retningslinene som har vore nytta i handsaminga av søknaden, og i desse er ikkje utandørs kulturarenaer prioriterte. Fylkesdirektøren ser at grunngevinga for avslag kunne ha vore tydelegare formulert, og at ordet retningsliner kan tolkast ulikt.

Det går òg fram at søknaden frå Askøy kommune er politisk handsama då han var godkjend i tråd med krava i retningslinene. Søknaden nådde likevel ikkje opp mellom dei 46 som var godkjende, då utandørs kulturarenaer ikkje er nemnt som prioritert anleggstype i vurderingskriteria.

Departementets vurdering

Retningslinjene for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg fastsett av Kulturdepartementet skal medverka til *eigna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd*, jf. pkt. 1 Formål. Utearenaer er her spesielt nemnde som eit av formåla som ordninga tilgodeser.

Desse retningslinene fastset òg ei rekkje andre vilkår for tilskot, til dømes krav til universell utforming og krav til arkitektonisk utforming, jf. pkt. 2.1.2 og pkt. 2.1.3. Etter pkt. 2.4. skal den enkelte fylkeskommunen fastsetja nærare vilkår for søknader om tilskot, mellom anna opplysningar om funksjon, aktivitetar, behovsunderlag og søkjar mv.

Vestland fylkeskommune har fastsett eigne retningsliner som òg inneheld politiske prioriteringar. Under pkt. 2.1. Fylkeskommunale prioriteringar står det mellom anna at lokale arenaer som t.d. grendahus, forsamlingshus og ungdomshus som inneheld

kulturaktivitet (dans, teater, musikk, kunstformidling osv.) vert prioriterte. Utearenaer er ikkje omfatta av desse prioriteringane.

Departementet vurderer at slike lokale prioriteringar ikkje er i strid med departementets retningsliner for forvaltning av desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. Prioriteringane er innanfor formålet, sjølv om dei ikkje omfattar alt som går inn under formålet. Departementet meiner òg at det er ønskjeleg at fylkeskommunens prioriteringar vert gjorde tydelege for søkerane.

Fylkeskommunen har vidare opplyst om at søknaden vart politisk handsama. Departementet kan difor ikkje sjå at det er gjort feil ved sakshandsaminga eller vedtaket, og klagen vert ikkje teken til følge.

Konklusjon

Klagen vert ikkje teken til følge. Vedtaket er endeleg.

Med helsing

Stein Sægvog (e.f.)
avdelingsdirektør

Inger Lise Kurseth
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar